



Knarvikgården AS
Postboks 42
5902 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/695 - 19/7620

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
06.03.2019

Vedkomande årsrapportering fettutskiljar - GBNR 188/75 Knarvikgården

Teknisk drift har motteke årsrapport for tømning av anlegg ved **Knarvikgården AS** for driftsår 2018.

Teknisk drift har registrert at anlegg framleis ikkje ert tømt iht til gitte løyver. Tømmeoperatør har meldt frå om at avvik skyldes omlegging hos tømmeoperatør og at dei dermed ikkje har klart å følge opp anlegg.

Tømmeoperatør har rapportert inn at det er utført 2 tømningar i 2018. Kun ei av tømningane har dei dokumentert med kopi av tømmerapport. Tømmeroperatør har også opplyst, i rapporta, om at dei ikkje har utført logging av temperatur i anlegg driftsår 2018. Manglande logging av temperatur betyr at Knarvikgården AS ikkje har dokumentasjon på om anlegg fungerer etter intensjonen og at krav til utslepp er stetta.

Det er viktig at **Knarvikgården AS** påser at temperaturlogging og tømning av anlegg vert utført iht til gitte løyve. Som eigar av anlegg og abonnent på kommunale avløpstenester har De hovudansvar for at vilkår i gitte løyve vert stetta og at kommunen får nødvendig dokumentasjon. Per dags dato har Teknisk drift, VA, ikkje motteke tilstrekkeleg dokumentasjon for å kunne vurdere anlegget sin reinsefunksjon.

Anlegg ved Knarvikgården AS er eit felles anlegg for **Pizzeria Milano Restaurante** og **Nan Tian House AS**. Denne typen restauranter er blant dei restaurantene som har høgast fettinnhald i utsleppsvatn. Det er derfor viktig at kommunen får nødvendig dokumentasjon for å kunne vurdere anlegg slik at anlegg får rett drift og vedlikehald.

Førehandsvarsel om tilsyn:

På bakgrunn av manglande dokumentasjon på anlegg dei siste åra (2015, 2016, 2017 og 2018) av anlegg, ser kommunen behov for å føre tilsyn med anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Med helsing



Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knarvikgården AS

Postboks 42

5902

ISDALSTØ